

SJUKE BARN I BARNEHAGEN

Gode råd og praksis

Revidert september 2011


Ulvik barnehage

Lekve

5730 Ulvik

Tlf. 56527150

E-post: Barnehagen@ulvik.kommune.no



Hugs at:

Det er barnet sitt behov for å vera heime frå barnehagen som er avgjerande (det er ikkje foreldra eller barnehagen sine behov som skal dekkast)

Barnet må ha god allmenntilstand. Det vil seia normal appetitt, vera feberfri og orke å vera med i gruppefellesskapen.

Personalet som dagleg ser barnet i gruppe kan best vurdere om barnet klarar å vera med i gruppefellesskapen eller ikkje.

Foreldre er ekspertar på barnet og kan gjera dei rette vurderingane på heimeplan.

Barnehagen må få melding når barnet er sjukt.

Bakgrunnen for desse reglane er omsorg for barnet, omsyn til andre barn, foreldre og tilsette, og å hindre epidemiar.

Kan barnet gå i barnehagen i dag?

Barnet kan vera med i ei barnegruppe når det er så opplagt at det orkar å vera med i dei vanlege aktivitetane i barnehagen.

Mange gongar kan eit barn vera aktivt heime, men situasjonen kan vera annleis i ei gruppe med fleire barn.

Det er viktig at du rådførar deg med personalet når du kjenner deg usikker. Etter lengre tids sjukdom kan det vera rett å la barnet vera med i barnegruppa kortare tid dei fyrste dagane. Viss du er i tvil om barnet sin diagnose og behandling bør du ta kontakt med lege for å få råd og hjelp til å vurdere barnet.

Feber

Feber er kroppstemperatur på 37,5 gradar C om morgonen og 38,0 gradar eller meir om kvelden, målt i endetarmen. Barn får lettare feber enn vaksne, og dei får ofte høgare feber. Feber er eit viktig ledd i kroppen sitt forsvar mot infeksjonar. Det er ingen samanheng mellom feberens høgde og sjukdomen sin alvorsgrad.

Barn med feber skal vera heime frå barnehagen. **Har dei fått febernedsetjande medisin reknast dei likevel som sjuke.** Etter fleire dagars sjukdom bør barnet få ein feberfri dag heime før dei kjem i barnehagen. **Barnehagen gir ikkje febernedsetjande medisin.**

Hoste

Barn med hoste, men utan feber og med god allmenntilstand kan vera i barnehagen

Forkjøling og snørr

Dersom barnet elles ikkje er påverka med nedsett allmenntilstand eller feber, er det ingen grunn til å halda barnet heime frå barnehagen.

Augneinfeksjon

Ved kraftig symptom (raudt, renning og klistring/pus) er det aktuelt å gje antibiotika som augnedråpar. Slik infeksjon er svært smittsam og barnehagen har difor innført fylgjande praksis, i samråd med kommunelegane:

Barn som får antibiotikabehandling kan gå i barnehagen dagen etter at behandling er sett i gang, dersom allmenntilstanden er ok. Barn som ikkje får antibiotikabehandling, må avtale med lege om/ når dei kan gå i barnehagen.

Oppkast / diaré

Barn med oppkast og diaré eller berre diaré som tydeleg skuldast ein mageinfeksjon, skal haldast heime i 48 timar etter at dei er symptomfri.

Vondt i halsen

Skuldast ofte ein infeksjon i svelget. Dersom barnet har vondt i halsen og i tillegg feber meir enn eit par dagar, kan årsaken vera ein bakteriell infeksjon forårsaka av t.d. streptokokkar. Dette vert avgjort av legen.

Skarlagensfeber er ein streptokokkinfeksjon i halsen med utslett i tillegg. Minst eit døgn heime etter at antibiotikabehandlinga er starta. Tilbake til barnehagen når allmenntilstanden er god.

Hodelus.

Lusa er 2-3mm og vert spreidd gjennom direkte kontakt. Må behandlast med spesielt middel som er til sals på apotek. I tillegg er kjemming i vått hår med fintinna kam eit godt råd for å fjerne egg og lus. Heile familien må undersøkjast, men det er berre dei som er angripne som skal behandlast. Barnet bør kontrollerast jamleg for lus, og det er viktig at personalet blir informert viss ein oppdagar lus hos barnet. Barnet kan gå i barnehagen dagen etter at behandling er gjennomført.

Brennkoppar

Dersom utslettet kan dekkast til, kan barnet gå i barnehagen dagen etter påbyrja behandling. Hald barnet heime viss utslettet ikkje er under kontroll (utslettet er utbreidd)

Meslingar - kuma - raude hundar - kikhoste

Dei fleste barn over 15 månader er vaksinert mot desse sjukdomane. Det er difor uvanleg at dei opptre hos barn i dag. Ta kontakt med lege for å få stilt diagnosen ved utslett hos barnet. Snakk med legen om når barnet kan byrja i barnehagen. I tillegg må allmenntilstanden vurderast.

Vannkoppar

Barnet kan gå i barnehagen når utslettet har turka inn så det ikkje væskar lengre.

NB: Dersom barn eller sysken til barn i barnehagen har kreft eller immunsvikt, skal desse foreldra og kommunehelsetenesta umiddelbart informerast ved mistanke om vannkoppar i barnehagen.

Samarbeid heim/barnehage

Det er viktig at heim og barnehage har eit godt samarbeid rundt barnet si helse. Det vernar om barnet, barnegruppa og personalet og kan hindre epidemiar. Me vonar difor at reglene for når barnet kan gå i barnehagen vert fylgt. Er de i tvil - snakk med personalet eller lege.

Elles gjeld ein viktig regel: **GOD HANDHYGIENE**. I barnehagen vaskar borna hender før måltid og etter toalettbesøk. I tillegg får dei langtidsverkande antibakterielt handskum før frukost. Det er skånsamt, og alkoholfritt og har ein PH-verdi lik vann.